



Arkivnr: 2016/9963-11  
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		15.03.2017
Fylkesutvalet		30.03.2017

## Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s - søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik

### Samandrag

Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s har søkt om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik. Søknaden legg opp til at sambandet skal driftast med to ferjer, med 45 minuttar frekvens på kvardagar. I søknaden vert det lagt til grunn at sambandet kan drivast utan offentleg tilskot. I saksframlegget vert det gjort greie for søknaden. Fylkesrådmannen har vurdert ulike sider ved søknaden som forholdet til Halsnøysambandet og ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane, bruk av fylkeskommunale ferjekaiar, realismen i det framlagte budsjettet og omsynet til planprosessen for nytt ferjeleie på Stord. Fylkesrådmannen finn ikkje å kunna rå til at søknaden vert godkjent.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna godkjenna Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s sin søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Ranavik.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Vedlegg: Søknad med vedlegg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Sunnhordland Ferjeselskap AS - søknad om ruteløyve
- 2 Sunnhordland Ferjeselskap AS - ruteplan
- 3 Sunnhordland Ferjeselskap AS - presentasjon
- 4 E-post frå SD om løyve for privat rutedrift på Høgsfjorden

## Fylkesrådmannen, 22.02.2017

### Innleiing

Sunnhordland Ferjerederi A/S u/s v/Prosjektutvikling Dagfinn Fylkesnes, 5416 Stord, (SFUS) har i brev av 27.09.2016 søkt om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde i Kvinnherad kommune og Jektevik i Stord kommune. I tillegg til søknaden er det sendt inn powerpoint presentasjonar og utdrag frå nettsider og e-post korrespondanse mellom samferdselsdepartementet og Forsand kommune. Det er opplyst at alle innbyggjarar i Stord og Kvinnherad kommunar kan bli medeigarar i selskapet.

### Om søknaden

SFUS søker om løyve til å driva kommersiell ferjedrift med to ferjer mellom Sunde og Jektevik. I søknaden er det lagt opp til å nytta dei eksisterande ferjekaiane på Sunde og i Jektevik. Det er lagt opp til ein ruteplan med 21 turar per døgn og med avgong kvart 45. minutt. Det er skissert bruk av to ferjer med kapasitet på 49 pbe + 65 pbe.

I søknaden heiter det om målsetjinga:

«Kunden, trafikantane er viktigast. Me ynskjer dei skal oppleve; enklare og vesentleg betre ferjetilbod, raskare og med hyppigare avgongar. Vårt mål innan 2 år er avgongar kvart 30. minutt frå begge sider. Vårt nye samband vert det kortaste direkte over fjorden, og med direkte innkøyring på E39 + ekspressbuss Kystbussen med 31 avgongar per dag, - 16 mot Bergen og 15 mot Haugesund/Stavanger».

Søknaden peikar på den negative trafikkutviklinga på sambandet Ranavik-Skjersholmane etter at det vart flytta frå Sunde i samband med at Halsnøysambandet vart opna i 2008. I 2008 hadde sambandet ein ÅDT på 934 og i 2015 på 635. Ein viktig faktor i dette er at trafikken mellom Sunde og Ranavik fall vekk når Halsnøysambandet vart opna.

Søknaden har fylgjande opplysningar om avstandar og estimert tidsbruk mellom Husnes og Leirvik.

Ferjealternativ	Total lengde	Ferjestrekning	Total reisetid
Ranavik-Skjersholmane	36,9 km	14,3 km	68 min
Sunde-Jektevik	30,6 km	13,7 km	57 min

Det er lagt fram drifts- og investeringsbudsjett. Det er lagt til grunn ein aksjekapital på 10 mill kr. Driftsbudsjettet syner overskot. Budsjettet føreset ein ÅDTPBE på 630, omlag det same som trafikken er på sambandet Ranavik-Skjersholmane i 2016. Billettaksten for vanleg bil er sett til kr 266 i det framlagte budsjettet, med 50% rabatt ved bruk av kort.

### Ferjekaiane

Det vert lagt til grunn for søknaden at ferjekaiane på Sunde og i Jektevik skal nyttast. Dette er fylkeskommunale ferjekaiar. Kaien på Jektevik vert nytta til ferjesambandet Jektevik-Hodnanes-Nordhuglo. Jektevik har 25 anløp man-fre. I søknaden vert det opplyst at Stord kommune har godkjent reguleringsplan for utviding av kaien på Jektevik

Kaien på Sunde vert nytta til innfartsparkering for reisande med snøggbåten til Leirvik/Bergen. Kaien er beredskapskai.

### Nogjeldande kollektivtilbod mellom Sunde/Ranavik og Stord

Ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane vert trafikert med to ferjer på 86+75 pbe og med ei 50 pbe ferje som reserve. Sambandet har 23 rundturar man-fre. I 2016 frakta sambandet 236 227 køyretøy (647 ÅDTPBE) og 262 553 passasjerar. Det fylkeskommunale tilskotet til sambandet var i 2016 på omlag 52 mill kr.

Snøggbåtruta i Sunnhordland har 12 daglege avgongar man-fre frå Sunde til Leirvik.

### **Halsnøysambandet**

Tunellen til Halsnøy vart opna i 2008 og delvis finansiert med bompengar. Når bompengeprojektet vart godkjent, var det ein føresetnad at ferjesambandet vart flytta til Ranavik. I 2015 hadde bompengeselskapet ei inntekt på 22,7 mill kr og ei restgjeld på 188 mill kr. Det er lagt til grunn at projektet skal vera nedbetalt i 2023. Dette føreset at noverande trafikkmønster, med ferjedrift frå Ranavik med same volum som i dag, vert vidareført.

### **Problemstillingar opp mot dagens kollektivtilbod**

Ferjesambandet Ranavik-Skjersholmane er lagt ut på anbod i ein pakke saman med andre samband. Skysse er no inne i sluttfasen i forhandlingane om pakken. Det inneber at det vert lagt til grunn at dette sambandet skal vidareførast i si noverande form i ein ny anbodsperiode som går over 9 år frå oppstart i 2020. Endringar i konkurransetilhøva, som t.d. oppretting av eit konkurrerande ferjesamband, vil gje ein annan totaløkonomi i sambandet enn det som er lagt til grunn.

### **Høyringar**

Søknaden vart sendt på høyring til kommunane Stord og Kvinnherad, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Halsnøysambandet og Statens vegvesen, Region vest. Frå dei tre fyrstnemnde har me fått tilbakemelding.

#### Stord kommune, vedtak i formannskapet

«Formannskapet meiner det ikkje bør gjevast ruteløyve for privat ferjedrift mellom Sunde og Jektevik.

Formannskapet grunnjev det med at ein saknar ei utgreiing av konsekvensane for noverande ferjesamband Ranavik-Skjersholmane. Formannskapet kan vanskeleg sjå at det er trafikkgrunnlag for å ha to ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord. Formannskapet meiner at eit samband til på denne strekninga vil svekka grunnlaget for drifta i det eksisterande sambandet Ranavik-Skjersholmane. Det vil vidare skape uro kring pågåande prosjektarbeid med innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad i regi av fylkeskommunen.»

#### Kvinnherad kommune, vedtak i kommunestyret.

«Kommunestyret kan vanskeleg sjå at det er trafikkgrunnlag for å ha to ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord. Kommunestyret meiner eitt samband til på denne strekninga vil svekka grunnlaget for drifta i det eksisterande sambandet. Det vil vidare skapa uro kring pågåande prosjektarbeid med innkorting av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord i regi av fylkeskommunen.»

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at det ikkje bør gjevast ruteløyve for privat ferjedrift mellom Sunde og Jektevik. Samarbeidsrådet trekkjer vidare fram dei synspunkta som kjem fram i vedtaka frå kommunane.

### **Departementet sin uttale om sambandet Lauvvik-Oanes**

I søknaden vert det lagt fram kopi av epost-korrespondanse mellom samferdselsdepartementet og Forsand kommune vedkomande opning for privat ferjedrift over Høgsfjorden når Ryfast opnar. I St.prp. for Ryfast-sambandet var det føreset i finansieringsopplegget at ferjesambanda Stavanger-Tau og Lauvvik-Oanes (Høgsfjorden) skulle leggjast ned, og trafikken overførast til Ryfast. Departementet uttalar m.a. fylgjande i e-post av 27.05.2015.

Departementet ser det slik at hovudspørsmålet her er om den vedtatte bompengepakka for Ryfast, stortingsvedtaket og generelle bompengeprinsipp fører med seg at Rogaland fylkeskommune som løyvestyresmakt er bunde til å nekte å gi løyve etter yrkestransportlova viss det kjem ein søknad om ferjerute over Høgsfjorden. Korkje staten eller fylkeskommunen kan etablere slike samband ved tilskott etter at Ryfast er opna, men det er ikkje heimel for å nekte privat ferjedrift over Høgsfjorden. Vi viser også til EU si maritime kabotasjeforordning (inntatt i EØS-avtalen) som fastset prinsippet om friheit til å yte sjøtransporttenester.

Eit viktig spørsmål som i tilfelle må avklarast nærare er bruk av ferjekai. Det er den som søker om løyve som også må sørge for adgang til å bruke aktuelle kaier. Viss det er aktuelt å bruke dei same kaier som blir nytta i dei sambanda som skal leggjast ned, må ein sjå nærare på bompengevedtaket. Inneber vedtaket at sambanda blir lagt ned, men veganlegga inklusiv kaier blir oppretthaldne (til dømes av omsyn til beredskap), er det mogleg at prinsippet om fri bruk av offentleg veg inklusiv ferjekai gjeld.

Søkjaren meiner at denne uttalen tilseier at søknaden må godkjennast.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar**

#### Økonomisk og driftsmessige føresetnader i søknaden

Sambandet Sunde-Jektevik er planlagt løyst med to ferjer med ein samla kapasitet på 45+65 pbe. Det vert lagt til grunn at trafikkmengda skal vere omlag som noverande trafikk på sambandet Ranavik-Skjersholmane. Med ein grunntakst på kr 266 for liten bil er det budsjettert med trafikkinntekter på 41 mill kr. Kostnadane er budsjetterte til 39 mill kr, og drifta er såleis i balanse.

Inntektene er føresett å bli dobla i forhold til dagens nivå. Dagens takst for liten bil på Ranavik-Skjersholmane er kr 167. Bompengetaksten på Halsnøysambandet er på kr 100, til saman vert kostnaden kr 267 før rabattar når ein kjem frå fastlandet. Dette er same taksten som ein planlegg å ta på ferja. Dette tilseier at eit nytt ferjesamband kunne fått god tilslutnad frå reisande frå fastlandet ettersom totaltaksten ville vorte omlag den same, men ein hadde spart køyringa frå Sunde til Ranavik. Ettersom taksten på det nye sambandet ikkje er fordobla i forhold til dagen takst, men inntektene er fordobla, tilseier det at ein har undervurdert effekten av rabattordningane, og inntektene er truleg overvurderte. Det same kan seiast om den budsjetterte trafikkmengda. Når den samla taksten frå fastlandet er den same er det neppe grunn til å venta vesentleg vekst i trafikken. Reisande til/frå Halsnøy vil uansett nytta ferja til Skjersholmane.

Ein legg opp til å redusere kostnadene samla med over 40 mill kroner pr. år i høve til dagens kostnadsnivå. Driftskostnadsnivået på sambandet Skjersholmane-Ranavik er relativt høgt, og to mindre ferjer kan truleg driftast noko rimelegare enn dagens materiell, men differansekostnadene på omlag 33 mill kroner er ikkje innafor ei realistisk råde. Ut frå dette er det fylkesrådmannen si vurdering at korkje inntekts- eller kostnadsbudsjettet er realistisk. Ein kan ikkje sjå at det er mogeleg å driva dette sambandet utan tilskot.

#### Tilgong til ferjekaiar

Søknaden føreset bruk av Jektevik og Sunde ferjekaiar. Jektevik kai er i bruk til sambandet Jektevik-Nordhuglo-Hodnanes, og det er ikkje lagt til rette for at denne kaien med oppstillingsplass kan nyttast til to ferjesamband. I søknaden vert det synt til at det ligg føre godkjent reguleringsplan for utviding av oppstillingsplassen. Ei slik utviding vil kreva investeringar som fylkeskommunen ikkje har planar om å gjennomføra.

Sunde ferjekai er beredskapskai, men vert i dag nytta til innfartsparkering til snøggbåten. Det er omlag 120 innfartsparkeringsplassar på kaien og det skal gjerast tiltak for betra organiseringa av parkeringa og trafikkavviklinga på kaiområdet. Innfartsparkeringa er mykje nytta. Per dags dato er difor korkje Jektevik eller Sunde tilgjengelege for eit nytt ferjesamband.

#### Rett til å få ruteløyve

Fylkesrådmannen stiller spørsmål ved om departementet sin uttale om at det ikkje er heimel for å nekta løyve for privat ferjedrift gjeld i alle samanhengar. Bortsett frå grensekryssande ekspressbussløyve skal all

tildeling av ruteløyve behovsprøvd, ref. Yrkestransportlova §7; Behovsprøvd løyve for persontransport i rute. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at denne løyvesøknaden skal behovsprøvd, og føreset at den uttalen som departementet kom med i høve nytt samband over Høgsfjorden gjeld dette konkrete sambandet.

#### Halsnøysambandet

I St.prp. 84 *Om utbygging av riksveg 544 Halsnøysambandet med delvis bompengefinansiering* vart det lagt til grunn at trekantsambandet Sunde-Ranavik-Skjersholmane skulle leggjast om til eit pendelsamband mellom Ranavik og Skjersholmane når vegprosjektet vart opna. Dette var ein vesentleg føresetnad for at sambandet kunne realiserast, då det var lagt til grunn at 57% av prosjektet skulle finansierast med bompengar, og ein vesentleg del av bompengeinntektene kjem frå bilar som skal til/frå ferja. Ved å opna for eit konkurrerande samband som vil ta trafikk frå hovudsambandet, vil ein bryta eit av vilkåra som var sett for godkjenninga av Halsnøysambandet. Hordaland fylkeskommune har i tillegg stilt sjølvskyldnargaranti for lån som Fastlandssamband Halsnøy AS har teke opp for å finansiera prosjektet.

#### Nytt ferjeleie på Stord

I høyringane frå kommunane og samarbeidsrådet vert det peika på at det å tildela eit nytt ruteløyve vil skapa uro kring pågåande prosjektarbeid med innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad i regi av fylkeskommunen. På møte i fylkesutvalet den 22. februar 2017 vart det vedteke å setja i gong ein planprosess saman med kommunane Stord og Kvinnherad for framtidig ferjesamband mellom dei to kommunane der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurdert. Fylkesrådmannen sluttar seg til vurderingane frå høyringane.

#### Oppsummering

Etter ei samla vurdering av dei ulike momenta i saka, finn fylkesrådmannen ikkje å kunna rå til at det vert opna for eit konkurrerande ferjesamband mellom Sunde og Jektevik.